



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	12.10.2015
Tid:	16:00 – 17:00

Medlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Leder	H
Knut Johan Voldsund	Nestleder	FRP
Signe Sævik Monsen	Medlem	H
Edel Kvalsund Goksøy	Medlem	KRF
Henry Jøsokbakke	Medlem	V

Forfall:

Margaret Leinebø	MEDL	H
Frank Otto Kvalsvik	MEDL	KRF

Varamedlemer som møtte:

Knut Tandberg	Margaret Leinebø	H
John Terje Berg Nerem	Frank Otto Kvalsvik	KRF

Andre:

Konst.rådmann Olaus-Jon Kopperstad

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiaren vart desse valde:
Edel Goksøy og Signe Sævik Monsen

Edel Goksøy

Bjørn Otterlei
underskrifter

Signe Sævik Monsen

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 54/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 55/15	Protokoll frå førre møte
PS 56/15	Referatsaker
PS 57/15	Søknad om kulturmidlar, oppussing av minnestein
PS 58/15	Søknad om kulturmidlar - Disposisjonspost, Norges Blindforbund Møre og Romsdal
PS 59/15	Søknad om kulturmidlar - prosjektmidlar, Jøsok og Kleppe Forsamlingshus
PS 60/15	Søknad om kulturmidlar - kurs, Herøy Janitsjar
PS 61/15	Søknad om kulturmidlar - disposisjonspost, Sande Sogelag
PS 62/15	Søknad om kulturtilskot - disposisjonspost, Kulturhelg i Molde 2015
PS 63/15	Søknad om kulturmidlar - disposisjonspost, Konsert i Herøy kyrkje i høve allhelgensdag
PS 64/15	Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond. Kristoffer Nærø Ytterland.
PS 65/15	Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond. RQM Training Centre.
PS 66/15	Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond. JungMinds AS
PS 67/15	Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond. Kompetanseheving av nøkkelpersonell. Aurvoll og Furesund.
PS 68/15	Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond. Kompetanse og organisasjonsutvikling. Aurvoll og Furesund AS.

Referatsaker:

- RS 10/15 Melding om vedtak - Godkjent
reguleringsplan for gang- og sykkelveg
Sandvika - Stokksundkrysset FV 10
- RS 11/15 Norges Vels gründerpris 2016
- RS 12/15 Melding om vedtak

PS 54/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste

PS 55/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre

PS 56/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatskriv frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande

PS 57/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR, OPPUSSING AV MINNESTEIN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

Komiteen for næring, kultur og idrett oppfordrar Herøy kyrkjelege fellesråd til å pusse opp minnesteinen på Herøy gamle kyrkjestad over dei omkomne etter Goksøy-ulykka.

Tiltaket kan gis tilskot frå kulturmidlane etter føregåande søknad frå fellesrådet.

PS 58/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, NORGES BLINDEFORBUND MØRE OG ROMSDAL

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

1. Norges Blindeforbund Møre og Romsdal gis tilsegn om tilskot på kr. 1 000 til lydavis for blinde og svaksynte i Møre og Romsdal.
2. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

PS 59/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - PROSJEKTMIDLAR, JØSOK OG KLEPPE FORSAMLINGSHUS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

1. Jøsok og Kleppe Forsamlingshus får tilsegn om tilskot på kr. 23 172 til forbetring og drenering av forsamlingshuset.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for gjennomført prosjekt.
3. Tilskotet skal dekkjast over 14700.4011.231 Prosjektmidlar.

PS 60/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - KURS, HERØY JANITSJAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

1. Herøy Janitsjar får tilsegn om tilskot på kr. 18 300 til kurs for eigne medlemmer ifm. øvingshelga den 26-27.sept. 2015.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for kurset.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

PS 61/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, SANDE SOGELAG

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

Komiteen for næring kultur og idrett finn ikkje å kunne gje tilskot til å gi ut boka «Fotograf Olaf Storegjerde» då søknaden fell utanfor retningslinene for tildeling av tilskot av kulturmidlane i Herøy kommune.

PS 62/15 SØKNAD OM KULTURILSKOT - DISPOSISJONSPOST, KULTURHELG I MOLDE 2015

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

1. Inntil ni deltakarar på Kulturhelga i Molde får tilskot på kr. 2 000 per. person.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre kvitteringar for reise, opphald og kursavgift.
3. Tilskotet vert utbetalt over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

PS 63/15 SØKNAD OM KULTURMIDLAR - DISPOSISJONSPOST, KONSERT I HERØY KYRKJE I HØVE ALLHELGENSDAG

Møtebehandling:

Bjørn Otterlei reiste habilitetsspørsmål då han er medlem i Herøy sokneråd. Han går frå under behandling av habilitet.

Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, FVL. § 6, 1. ledd, bokstav e.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

1. Herøy sokn får tilsegn om underskotsgaranti på kr. 4 000 til arrangementet Kyrkjekonsert i høve allehelgensdag den 31.10.2015.
2. Tilskotet kan utbetalast når det ligg føre rekneskap for arrangementet.
3. Tilskotet skal dekkjast over post 14700.4011.377 Disposisjonspost.

**PS 64/15 SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND.
KRISTOFFER NÆRØ YTTERLAND.**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

Komite for næring, kultur og idrett kan ikkje imøtekomme søknaden frå Kristoffer Nærø Ytterland om 1.200.000 kr til restaurering og isolering av ei gamal løde til fotogalleri/atelier då søknaden er i strid med regelverket for kommunalt næringsfond.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

**PS 65/15 SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND. RQM
TRAINING CENTRE.**

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot 100.000 kr frå det kommunale næringsfondet til RQM Training Centre v/Lars Per Brandal til internopplæring og marknadsføring av treningssenteret.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2016. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta

i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

PS 66/15 SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND. JUNGMINDS AS

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Vedtak i Komite for næring, kultur og idrett - 12.10.2015

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på inntil 133.000 kr frå det kommunale næringsfondet til JungMinds v/Martin Jung Leine til profilering og kursing av firma som tilbyr ingeniørtenester innan teknisk dokumentasjon og konstruksjon, i samsvar med søknad.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2016. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

**PS 67/15 SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND.
KOMPETANSEHEVING AV NØKKELPERSONELL. AURVOLL OG FURESUND.**

Møtebehandling:

Saka vert utsett

**PS 68/15 SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND.
KOMPETANSE OG ORGANISASJONSUTVIKLING. AURVOLL OG FURESUND AS.**

Møtebehandling:

Saka vert utsett

MØTET SLUTT!